

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		19/302

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2019	Kommunestyret	PS	09.05.2019

Høring nasjonal rammeplan for vindkraft på land

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 028/2019

KS - behandling:

Temasekvens vindkraft i samband med kommunestyremøte 9.mai
Innleiing og sentrale forhold kring NVEs framlegg av 1.april 2019 (12.30 – 13) «Høring – NVE's forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land»

Innlegg ved;

- BKK v/Olav Osvoll, adm.dir BKK produksjon as 13 – 13.30
- Norsk vind v/Espen Borgir Christophersen, Prosjektutvikler - Norsk Vind Energi AS 13.30 – 14
- Bergen og Hordaland turlag v/dagleg leiar Helene Ødven kl. 14 – 14.30
- samfunnsøkonom og professor emeritus i energiøkonomi ved NHH, Einar Hope kl. 14.30 – 15
- Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar kommune og leiar LNVK kl.15 – 15.30
- Kommunestyret drøftar vidare prosess og innspel til høyringssaka

John Torsvik (H) sette fram følgjande innspel til høring nasjonal vindkraft på land:

Kommunestyret registrerer at det stor uro kring forslaget som omfattar foreslåtte areal i store delar av Masfjorden kommune. Fjonfjella mellom Romarheimsdalen, Masfjorden og Austfjorden er eit område som NVE også påpeikar i høyringsutkastet er for dårleg utgreidd. Dette er eit stort område som er inngrepsfritt og som har fleire nasjonale vernerestriksjonar og såleis svært sårbart. Når det gjeld områda vest og nord for Masfjorden mot Gulen og Høyanger er desse av ein slik karakter at areal for vindkraft vil forringe anna bruk av naturen som landbruk, friluft og reiseliv. Det same gjeld øyområda nord for Fensfjorden.

Masfjorden kommune har vedtatt ny revidert kommuneplan for 2019 – 2023 der det ikkje er opna opp LNF areal for vindkraft.

Masfjorden kommunestyre vil gjere eit grundig arbeid med høyringsuttalen for «Nasjonal ramme for vindkraft på land» og komme attende med denne innan juni i år.

Masfjorden kommunestyre har mottatt høyringsutkast frå NVE «Nasjonal ramme for vindkraft på land» med høyringsfrist 1. okt. 2019. Masfjorden kommunestyre set ned ei arbeidsgruppe av alle partia i kommunestyret som arbeider fram eit felles forslag til neste møte i juni. Gruppa består av: Torill Torsvik Størkensen sett fram følgjande innspel, fellesframlegg Ap, Frp, Krf, Sp, og V, til høyring nasjonal vindkraft på land:

- **Rammeområde Nordhordland og Gulen (Analyseområde 18) i Nasjonal ramme for vindkraft skal takast ut av planen, grunngjeve i følgjande punkt:**
- Naturen som ikkje er utbygd eller lite utbygd i Masfjorden, er av så stor lokal, regional og nasjonal verdi for friluftsliv/ reiseliv, at den ikkje bør byggjast ut til vindkraftformål. Her må spesielt Fjonfjella vest for Romarheimsdalen, Stordalen/ Kringla – området, og fjellområdet vest for Ynnesdalsvassdraget; Myrdalen, utmarka til Tangedalen og Rambjørg nemnast. Resten av området er mjuke og harde eksklusjonar og lite eigna for utbygging. Masfjorden har med det ingen restområder igjen som kan regulerast til vindkraftutbygging.
- Topografien er svært kupert og lite eigna til å etablere vegar og oppstillingplassar for vindmøller i store delar av dette arealet. Inngrepa i landskap vil verte for store.
- Artsmangfaldet må vernast, særleg med omsyn til ørnebestanden i området.
- **Masfjorden kommune kjem ikkje til å dispensere frå ny kommuneplan for å bygge vindkraftverk i fjellheimen vår.**

Framlegg til prosess:

- Ei gruppe med 1 representert frå kvart av partia vert sett ned og jobbar fram ei felles høyringsinnspel til Nasjonal ramme for vindkraft.

Kommunestyret jobba fram følgjande arbeidsgruppa i møtet:

- Torill Torsvik Størkensen, Ap
- Geir Egil Haugsvær, Sp
- Janne-Judith K Sandnes, FrP
- Tove Kristin Sleire Tistel, V
- Siri Tangedal Kratzmeier, KrF
- John Torsvik, H
- rådmannen stiller med sekretærfunksjon til gruppa

Uttale må ligge føre innan 7.juni for å nå utsendinga av formannskaps- og kommunestyrepapir til junimøta.

KS - vedtak:

